



Til valda i Bremanger kommunen

Vår ref:
23/7402 - - BHM

Dykkar ref.

Dato:
19.06.2023

Info til valda i Bremanger kommunen

Kvotefri avskyting av hjortekalv

Bremanger kommune søkte Miljødirektoratet om kvotefri avskyting av hjortekalv for jaktåret 2023 av dyrevelferdsmessige omsyn.

Miljødirektoratet dispenserer frå føresegnene i hjorteviltforskrifta § 18, og tillèt at Bremanger kommune tildeler kvotefri jakt på kalv av hjort i jaktseasonen 2023/2024.

Grunneigars rettar

Felling av hjortekalv krev at valdet får løyve til kvotefri jakt på hjortekalv frå kommunen i samsvar med dispensasjonen gitt av Miljødirektoratet. Retten til å felle eit fritt tal hjortekalv gjeld då alle jaktrettshavarar i valdet. Kvar enkelt grunneigar må likevel også samtykkje til at kvotefri jakt på hjortekalv i samsvar med dispensasjonen, kan utøvast på eigedommen sin. For sameige gjeld vanlege reglar etter sameigeloven.

Det blir bygdemøte i august i Kalvåg, Hauge, Rugsund, Davik, Ålfoten og Svelgen

Adresse
Rådhuset, Postboks 104,
6721 Svelgen


Telefon:
57 79 63 00

Org.nr.
959 318 166
Bankkontonr.
3776 07 50035

E-post postmottak:
post@bremanger.kommune.no
E-post sakshandsamar:
bjorn.henry.marthinussen@bremanger.kommune.no

Internett
www.bremanger.kommune.no

Det rettslige landskapet



Når kommunen vurderer hjortebestanden er det etter Naturmangfoldlova og Dyrevelferdslova.

Mens tildelinga til valda er etter Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven).

Historisk sett er det mykje bukk i Bremanger kommune.

Det har aldri vore meir bukk i hjortebestanden enn i dag. Men vi kan ikkje skyte fleire bukkar av den grunn. Dette brevet er meint forklare kvifor.

Hjorten er ein villlevande art i motsetning til sau og storfe.

I naturen er det andre reglar som gjeld. Ein naturleg hjortebestand består av ca. 50 % hodyr og ca. 50 % hanndyr. Hjøå begge kjønn er dødelegheit den same frå kalv til ca. 2 års alder. Først i 12 – 13 års alder aukar dødelegheita hjå bukkane. Kollene lever ca. 5 år lenger.

Bukken sin kropp utviklar seg til den er ca. 10 år (Sjå vedlegg). Bukkar med stor kropp og gevir har betre sædkvalitet. Auka sædkvalitet gir fleire avkom av hankjønn. Dermed gir fullvaksne bukkar fleire bukkekvalvar. Store bukkar gjev og større sannsyn for at kalvane vert store

I Bremanger kommune er vi godt i gang med auke alderen på bukkane. Vi har mange bukkar i alderen frå 3 til 7 år. Pga. at det er få fullvaksne bukkar (7 -12 år) i bestanden, blir dei fleste kollane bedekka av ein ungbukk (2 – 4 år). Kroppen til ungbukkane er ikkje ferdig utvikla, og sædkvaliteten er og dårlegare enn hos dei fullvaksne bukkane. Resultatet av paringa med ungbukk blir: overvekt av hokalv, små kalvar og auka kalvedødelgheit.

Tabellen under viser tre forskjellige bestandsstorleik 5000, 3000 og 1000 hjort.

Bestandsstorleik i tal hjort	Tal dyr i kjønn	Livslengd	Kalv	70 % av paringa
5000	Bukktal 2500	Kalv – 13 år		7 til 12 år
	Kolletal 2500	Kalv – 19 år	2 til 18 år	
3000	Bukktal 1500	Kalv – 13 år		7 til 12 år
	Kolletal 1500	Kalv – 19 år	2 til 18 år	
1000	Bukktal 500	Kalv – 13 år		7 til 12 år
	Kolletal 500	Kalv – 19 år	2 til 18 år	

Tabellen viser tre bestandstorleikar i tal dyr, og fordelinga i antal mellom kolle og bukk. Åra kolla får kalv og når bukkane deltek i brunstaktivitet.

Før jaktstart 2023, har vi ca. 5000 hjort i Bremanger kommune. Reduserer vi bestanden til 3000 dyr i kommunen, treng vi berre 1500 hanndyr i bestanden. Hanndyra si aldersfordeling må vere naturleg, frå kalv til bukkar i 12 års alder, som vist i tabellen over.


Tabellen under viser sum hanndyr i tre ulike bestandsstorleikar. 5000, 3000 og 1000 hjort. I tillegg viser den aldersklassene frå kalv til 12 år. Og den naturlege dødelegheita mellom aldersklassene i året.

Aldersklasser og tal hanndyr i tre bestandstorleikar													Sum
Kalv	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	6 år	7 år	8 år	9 år	10 år	11 år	12 år	hanndyr
287	239	218	209	201	193	186	179	172	165	159	153	147	2509
172	143	130	125	120	116	111	107	103	99	95	92	88	1502
59	49	44	43	41	39	38	36	35	34	32	31	30	512

Sum hanndyr kjevar frå Bremanger kommune

Kalv	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	6 år	7 år	8 år	9 år	10 år	11 år	12 år	Sum
1946	1954	1089	666	360	219	152	109	72	49	27	14	9	6666
763	636	578	556	535	514	494	475	457	439	422	406	391	6666

Grunneigarar og jegerar i Bremanger kommune har nå levert inn 6666 kjevar frå hanndyr i løpet av 24 år. Sjå raud farge. Av kjevane er det 1946 kalvekjevar og av 5-årig bukk er det 219 kjevar. (Tall frå 2022 er ikkje med). Det er levert svært få kjevar frå bukk 7 år og eldre. Under talla frå Bremanger kommune (grøn farge) har vi fordelt 6666 kjevar ut frå ein naturleg aldersfordeling i ein naturleg hjortebestand.



Figuren visar alder på felte hanndyr i Bremanger kommune og alderssamansetninga i ein naturleg hanndyr bestand med same tal dyr.

I Bremanger Kommune har vi låge vekter på kalv og eittåringar

Gjennomsnittlig slaktevekt per alder og kjønn i Bremanger kommunen								
Jaktår	Hannkalv		Hunnkalv		Bukk 1 ½ år		Kolle 1 ½ år	
	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall	Antall
2015	23,99	90	22,77	93	44,3	82	41,74	50
2016	23,54	114	22,49	103	44,66	109	40,98	40
2017	23,7	115	22,01	100	44,4	96	39,06	82
2018	22,63	144	21,09	124	42,41	103	37,67	84
2019	23,2	168	22,29	160	41,82	115	38,46	104
2020	22,43	177	21,65	160	41,91	137	37,75	114
2021	22,87	205	21,17	172	41,81	129	37,22	119
2022	22,88	181	21,27	176	40,92	108	37,13	112

Kalvevektande er stabilt låge mens eittåringsvektande er låge og falande i Bremanger kommune. Det er svært negativt for dyrevelferda hjå kalvar og eittåringar.

Gjennomsnittlig slaktevekt per alder og kjønn for Grøfjell vald

	Hannkalv		Hunnkalv		Bukk 1 ½ år		Kolle 1 ½ år	
		Antall		Antall		Antall		Antall
2015	21,6	10	19,55	11	39,36	11	39	3
2016	22,65	20	21,62	13	39,13	15	39,5	6
2017	20,63	16	19,7	10	40,83	12	36,6	10
2018	19,07	27	19,44	18	39,33	12	32,33	12
2019	20,52	23	20,2	15	40,22	18	33,36	14
2020	17,97	29	19,54	26	36,82	22	33,73	15
2021	20,37	30	19,19	21	35,81	16	32,7	10
2022	20,26	19	17,84	19	34,07	14	33,89	18

Vektene på kalv og eittåringar er svært låge, og fallande, i valdet (81 000 dekar teljande areal). Dette er svært negativt for dyrevelferda for kalvar og eittåringar.

Kalveproduksjonen i ein naturleg hjortebestand og Bremanger kommune.

Bukks alder	6666 kjevar frå hanndyr i Bremanger kommune		Naturleg hjortebestand ut frå 6666 hanndyr	
	Tal bukkar felt i 24 jakt sesongar	Kalve-produksjon med 3 kalvar pr. bukk.	Tal bukkar med ein naturleg alders-samansetning.	Kalve-produksjonen med 3 kalvar pr. bukk.
7 år	109	327	475	1425
8 år	72	216	457	1371
9 år	49	147	439	1317
10 år	27	81	422	1266
11 år	14	42	406	1218
12 år	9	27	391	1173
Sum	280	840	2 590	7 770

I tabellen over samanliknar vi bukk i tal og alder frå 7 – 12 år i Bremanger kommune med ein naturleg hjortebestand med 6666 hanndyr. Sum bukkar i alderen 7 til 12 år er 280 stk. i Bremanger kommune. I ein naturleg hjortebestand er det 2 590 bukk i alderen 7 til 12 år. Summen av kalveproduksjonen i Bremanger kommune er på 840 kalv med far frå aldersgruppa 7 – 12 år. I den naturlege hjortebestanden er kalveproduksjonen på 7 770 kalv med far i same aldersgruppe.

Jegerane har teke ut alt for mange bukk i fleire tiår. Dette har ført til at det nesten ikkje er bukk i aldersgruppa 7 - 12 år i kommunen. Fråvær av bukkar i 7 til 12 års alder, og den svært tette hjortebestanden, er direkte orsak til at Bremanger kommune har svært låge vektar på kalve og eittåring.

Dokumenterte «hanndyreffektar»



Foto: Bjørn H. Marthinussen

- Effekt av brøling → framskunding brunsttidspunktet hos hjortekoller
- Bukkar med store kropp og stort gevir har betre sædkvalitet
- Auka sædkvalitet gir meir hannkalvar
- Fullvaksne bukkar gir meir hannkalvar

Sidan det er få bukkar i aldersklassene 7 – 12 år i Bremanger kommune, er dei dokumenterte «hanndyreffektane» nesten fråverande.

Kalvevektene er svært låge i delar av kommunen og det er svært negativt å utsetje kalven for belastningar, lidingar og auka dødelegheit.

Dyrevelferdslova

§ 3. Generelt om behandling av dyr

Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger.

§ 6. Kompetanse og ansvar

Dyreholder skal sørge for at dyr blir ivaretatt av tilstrekkelig og faglig kompetent personell. Andre skal ha nødvendig kompetanse til den aktiviteten de utfører.

Vi har her eit felles ansvar, både Bremanger kommune, grunneigar og jegerar. Vi må nytte kompetansen vår til å produsera fullvaksne bukkar fram til 12 årsalder slik at Bremanger kommune får ein naturleg alderssamansetning i hjortebestanden.

Helsing

Tom Joensen
Kommunedirektør

Bjørn Henry Marthinussen
Konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.